

50% ledig stilling som kateket/kyrkjelydspedagog i Vindafjord

Vindafjord kyrkjelege fellesråd har ledig 50% vikariat som kateket/kyrkjelydspedagog fram til 31.12.26, med mogelegheit for forlenging.

Vikariatet er primært plassert i Ølen og Bjoa sokn, med kontor plass på Rådhuset i Ølen. Men det vil og vera ein del samarbeid med dei andre sokna i fellesrådsområdet.

Vindafjord kommune ligg i Rogaland og har om lag 9000 innbyggjarar. Her er det 8 kyrkjer og 7 sokn. Ølen og Bjoa sokn ligg midt i Vindafjord kommune. Det er ni bygder i kommunen, kvar med sitt særpreg. Her det godt å både bygga og bu, og det er kort veg til arbeidsmarknaden på heile Haugalandet. Å veksa opp i Vindafjord betyr at du har barnehage og skule nært der du bur. Kommunen har eit godt helse- og velferdstilbod, mange ulike fritids- og kulturtilbod, og ikkje minst ein fantastisk natur.

Ansvarsområder og oppgåver:

Leie arbeidet innan kyrkjeleg undervisning/trusopplæring i samsvar med lokale planar

Planlegge og gjennomføre aktivitetar innan kyrkjeleg undervisning og læring

Samarbeid med skular, barnehagar og evt andre instansar i kommunen

Delta på gudstenester i samband med aktivitetar

Undervisning for ulike aldersgrupper, samtale og forkynning

Bygge fellesskap og lage gode arenaer for barn og unge i kyrkja

Bidra til dialog mellom kyrkja og nærmiljøet

Oppfølging av frivillige medarbeidarar

Kvalifikasjonar:

Me søker etter kateket eller kyrkjelydspedagog

Andre søkjarar med relevant utdanning og erfaring vil bli vurdert

Erfaring frå liknande type stilling er ønskeleg

Personlege eigenskapar vil bli vektlagt

Du må ha førarkort klasse B og disponera bil

Må beherska norsk både skriftleg og munnleg

Personlege eigenskapar:

Gode pedagogiske og administrative evner

Likar å jobbe med barn og unge

Gode kommunikasjons- og gjennomføringsevner

Kan jobbe strukturert, både sjølvstendig og i team

Er omgjengeleg og fleksibel og lett å samarbeide med

Identifiserer seg med kyrkja si vedkjenning, og formidlar bibelforteljingar og tru med glede og engasjement

Særskilte krav:

Det er krav om medlemskap i Den Norske Kirke

Tilfredsstillande politiattest må leggjast fram ved tilsetting, jf. Trossamfunnsloven §20

Me tilbyr:

Varierte oppgåver i godt arbeidsmiljø! Her er det fint å jobbe!

Lønn etter avtaleverket for kyrkjeleg sektor

Gode forsikrings- og pensjonsordningar, medlemskap i KLP

Ein må rekna med arbeid på kveld og helg.

Søknadfrist 15.03.26

Vil du vite meir?

Ta kontakt med Kyrkjevevja, Grethe Halvorsen, tlf 91629595.

Aktuelle kandidatar vil bli invitert til samtale/intervju.

Søknad med CV sendes til kyrkjevevja på e-post: gh772@kyrkja.no